



Eminent gitarist: Gjermund Fredheim.

Kvinnherad kulturfestival går av stabelen frå 12. til 15. februar. Festivalnemnda kan leggja fram eit variert og spennande festivalprogram over 4 dagar, mykje av det med lokal tilknytning. Den dyktige Uskedalsgitaristen Gjermund Fredheim spelar på barokkonserten fredag kveld.

Gjermund Fredheim (32 år) utmerka seg tidleg som eit stort musikk talent. Frå Uskedalen gjekk ferda til Grieg-akademiet i Bergen der han fullførte mastergrad i klassisk gitar med toppkarakter i 2008.

Etter det har han livnært seg som kulturskulelærer, først i Bergen og no heime i Kvinnherad, i kombinasjon med ei karriere som allsidig freelance-musikar. Han har opptredd på store scenar både nasjonalt og internasjonalt, og han har spela saman med ei rad kjende musikarar. Gjermund er ein svært allsidig gitarist, og han beherskar ulike sjangrar; - alt frå det vare klassiske til skikkeleg heavy rock.

Han kan sjå tilbake på mange prisar. Vi nemner 1.pris i Ungdommens musikkmeisterskap 2004, Bergen kommune sitt kunstnarstipend 2009, og fleire prisar i internasjonale gitarkonkurransar i Italia og Polen.

Gleda var stor i Kvinnherad kulturskule då denne gitarvirtuosen kom heim og starta som gitarlærer der hausten 2013. No er han inne i sitt andre undervisningsår i ein jobb han kombinerer med utstrekt freelance-aktivitet.

På barokkonserten i konsertsalen i Kulturskulesenteret på Husnes 13. februar kl.19.00 har han også med seg to andre eminente musikarar. Det er Anette Bjørnenak på fløyter og Tone Nilsen på viola da gamba. Sjølv trakterer Gjermund barokkgitar denne kvelden. Det vert garantert ei stemningsfull stund!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen